



MELAND KOMMUNE
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUG

Dato: 23.09.2019
Vår ref.: 2019/17038-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Innspel til anleggsstrategi for Alver kommune 2020-2024

Viser til motteke brev av 11.09.2019, med invitasjon til å kome med innspel til anleggsstrategi for Alver 2020-2024, samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy. Frist for innspel var sett til 25. september. Grunna kort frist vil følgjande innspel ikkje rekke politisk handsaming, men vil settest opp som meldingssak til nytt politisk hovudutval for kultur, idrett og integrering 12. november.

Fylkesrådmannen takkar for ein godt gjennomarbeidd strategi, og ønskjer å rose kommunane for å vere i forkant av samanslåing med å lage ein felles strategi. Dette vil truleg få positive konsekvensar i vidareføringa av anleggsutviklinga i Alver.

Det vert sagt at arbeidet med strategien og prioriteringane skal føre til ein felles plan for idrett i Alver. Fylkesrådmannen oppmodar til at ein felles plan omfattar heile område for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – og gjerne også folkehelse. Det er få søknader på friluftslivsanlegg i prioriteringslistene, og ein felles plan for alle områda kan truleg vere med å skape ei meir heilskapleg utvikling og betre balanse mellom anleggstypar. Det kunne også vore nytig å hatt eit kartgrunnlag knytt til strategien.

I kapittelet om dagens situasjon vert det peika på utviklingstal i aktivitet blant barn og unge. Vi les også i idrettsindeksen som er utarbeidd at det er ei negativ utvikling i aktivitetsnivå i denne målgruppa, og særleg ser vi at unge jenter er lite aktive i Alver. Kommunen vert oppmoda til å ha fokus på den negative utviklinga for denne gruppa.

Strategien peikar på nasjonale og regionale føringar som er relevante for utviklinga i Alver. Det vert oppmoda til å sjå desse i samband med andre kommunale planar og nytte kunnskapsgrunnlaga som ligg til grunn, som t.d. idrettsindeks og folkehelseoversikt for kommunen.

I oversikta over tidlegare planar for område, vert det lista opp mål og strategiar frå planane til dei tre kommunane. Det kunne vore nytig med ein kort evaluering av desse planane, som ein del av arbeidet med vidareføringa.

Samordninga av planane listar opp strategiar og mål for Alver kommune. Det er mange gode mål, og fylkesrådmannen er særleg positiv til at Alver har konkrete planar for utvikling av friluftsliv. Sett i samanheng med utfordringsbiletet som er teikna tidlegare i dokumentet, saknast det nokre fokusområder. Kommunen vert oppmoda til å implementere mål for ungdom og særleg jenter, samt å arbeide for gratis bruk av offentlege idrettsanlegg. Dette vil kunne ha innverknad på tala på aktiv ungdom, og på kor mykje kommunen brukar på kvar innbyggjar når det kjem til idrett. Idrettsindeksen viste negative tal på desse målingane for Alver.

Kommunen presenterer eit godt og variert handlingsprogram med tiltak. Fylkesrådmannen ønskjer å skryte av prosessen med denne strategien, og meiner kommunen har lagt til grunn eit godt utgangspunkt for vidare samarbeid og god anleggs- og aktivitetsutvikling. Fylkeskommunen ser fram til å følgje utviklinga framover.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.